



Det har vore folkevandring i Ulvanåso i det siste!

Mange har nytta det flotte vårveret dei siste helgane til reine drøymeturar i Ulvanåso. Enkelte dagar har det mest vore folkevandring på skturar i det vakre fjellet vårt. Det er nok også ein delt som har site heime og drøymt om ein vakker tur i fjelldronninga vår. No kan dei i alle fall få oppleve ein sprekk videotur med Viljar Simones Tveit og foreldra hans.

Turen til Siren Simones, Bjørn Olav Tveit og eldstesonen deira Viljar Simones Tveit(13) gjekk til den vesle tappen som ligg 50 meter nordaust for Geitadalstind. Denne tappen er for øvrig eit av dei mest alpine punkta i heile Kvinnherad. Eit nydeleg turmål for heile familien. Dei kjenner ikkje namnet på den, og dei spør difor om einkvan av lesarane våre veit kva denne tappen heiter.

[Klikk dåke inn på videoen](#), og opplev den spreke turen til dei tre. Videoen tar oss med på 4 og eit halvt minutt redigert opptak frå den. Dette er ei sprekk oppleving!

Og hugs at veit de namnet må de gje det til uskedalen.no, eller direkte til Bjørn Olav.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Audun Eik